

Nye instrument til nær 100 tusen.

13.09.2016



Thea, Emma, Celine og Tobias har alle fått nye, flotte instrument.

Skulemusikksesongen er i gong, og fire av dei flinke musikantane i korpset stiller no med flunkande nye instrument. Til saman representerer instrumenta ein verdi på tett på 100.000 kroner. Kjøpet er gjort mogeleg etter ei raus gave på 75.000 kroner frå Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad.

Emma M. Ripel og Celine Musland har fått nye kornettar, Thea S. Taranger har fått nytt flügelhorn og Tobias H. Berge-Soldal har fått ny tuba. Alle fire er flotte musikartalent som vil gjera ære på dei nye skinande instrumenta.

Til helga skal Uskedal skulemusikk ha øvingshelg. Fredag kveld skal dei ha vanleg øvingskveld medan dei laurdag skal halda på frå kl.10 til kl.14. Også i år er det Tor Skeie Olsen som styrer dirigentpinnen. Han er også hovudinsektør på seminaret. Julie Skeie Olsen som var hjelpedirigent i fjor, er reist vekk på skule, og er naturleg nok sakna. På lørdagen på seminaret får Tor instruktørhjelp av tidlegare skulemusikkmedlem Vegard Døssland som er heime frå Oslo for å spela konsert komande mandag.

Øvingshelga vil verta ein god start på sesongen for dei unge lovande musikantane.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland